

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

BYGDEBØKER I KARMSUND

AV PEDER SKEIE

Folket har alle dagar havt hug til å vita om dei ting som har hendt og hender ikkje berre ute i den store verda og dei store krinsane, men og om det som hender i dei nærmaste krinsane. I gamle dagar vart tradisjonen på dette omkverve halden vedlike ved forteljing frå far til son. Etter kvart har forteljekunsten minka og kravet etter andre former i dette høvet har auka.

Her er det dei såkalla *bygdebøker* som det vert spørsmål etter. Bygdebok det er boka om alt som på rimeleg måte kan finnast greie på om alt som har hendt i gard og gren i dei lange tider, og like eins så vidt mogeleg boka med slektsregisteret — slekts-samanhengen.

Rundt om i landet er det i mange kommunar gjort ferdig bygdebøker, og nye kjem til etter kvart. Ein er visst straks samde om at dette er gode tiltak.

I Rogaland fylke er det serleg på Jæren og i Sør-Rogaland kome ut bygdebøker og liknande skrifter. I norde luten av Rogaland — Karmsund skrivardøme — går det førebels heller smått på dette omkverve. Når ein unntek at prost Lars Skadberg på eiga rekning har gjeve ut ei bok om Avaldsnes kyrkje (Olavs-kyrkja), er det enno ingen bygdebøker ferdige her. Arbeid med å samla inn tilfang er derimot i gang. Fleire stader er dei komne nokså langt. Det må kunna seiast at interessa for saka er stor — også her. Haugesund by og Skåre herad er komne lengst på veg med sine böker.

Etter kvart har det vorte klårt at mykje ville vera vunne om ein i eit nærmare avgrensa område kunne driva *samarbeid* i dette høvet, samarbeid ved gransking i arkiver og samarbeid ved råd og rettleiing og gjerne også ved skriving av en lut av bökene (den eldste tia). Etter opptak frå Reinhard Huglen (Skåre) tok Museums- og Historielaget for Haugesund og bygdene dette spørsmålet opp. Opp taket vart gjort ved at det fekk i stand ei kurs for bygdehistorikarar den 15. og 16. august 1951, der noverande professor Andr. Holmsen

var leidar og førelesar. Det møtte interesserte frå heile Nord-Rogaland — 45 i talet.

Under dette kurset vart spørsmålet om samarbeid dryfta vidare, og det vart straks semje om at eit sovore samarbeid burde koma i stand. Som resultat (førebels) vart det valt ei nemnd til å arbeida vidare med førebuing til samarbeid. Arbeidet i nemnda enda med at det i eit møte den 29. desember 1952 av representantar frå kommunane vart gjort dette vedtaket:

1. Arbeidet med bygde- og bybøker bør drivast i kvar kommune. Til det bør det vera ei kommunevald nemnd, som har å arbeida for at kommunen får si eiga bok.
2. For å kunna驱ive arbeidet mest mogeleg rasjonelt og med det best mogelege resultat av det arbeid og dei kostnader som vert ytt, vil det vera ein føremon med samarbeid i eit noko større distrikt — Karmsund skrivardøme.
3. Til å få samarbeidet i gang og elles stå for dette arbeidet og til kvar tid avgjera kva måte samarbeidet skal drivast på, skal det vera eit representantskap samansett av to medlemer frå kvar deltagande kommune.
4. Beste måten å driva samarbeidet på, allvisst i fyrste omgang, må vera at det i eitt, to eller tri år vert tilsett ein fagkunnig og godt skikka mann som i samarbeid med styret (valt av representantskapet) står for samarbeidet i heile distriket
 - a. ved sjølv å syta for granskning — serleg med tanke på Riksarkivet.
 - b. ved å gi råd og rettleiing til dei einskilde nemndene og
 - c. ved elles å gjera arbeid etter oppdrag av styret.

Elles gjekk vedtaket ut på at ein sette opp eit budsjett på 20 000,— kroner som fyrste året vart delt på kommunane etter folketalet. Seinare vert kvoten for kvar kommune så vidt mogeleg å retta etter den nytte kvar kommune har av samarbeidet.

Alle kommunane i Karmsund skrivardøme har sagt seg samd i vedtaket (ialt 14 kommunar) og arbeidet er igang etter den oppdregne lina. I eit møte den 7. mai 1955 av representantar for dei kommunevalde nemndene vart samskipnaden konstituert under namnet *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*. Til styre er valt: Peder Skeie (formann) Knut C. Rønnevik (varaformann), lærar Didrik Mjølhus, lærar Severin Hove og depotsjef Reinhard Huglen.

Førebels er det med omsyn til arbeidsmåten ordna slik at museumsstyrar N. H. Tuastad, som heile tia har gjort arbeid som sekretær, ha teke på seg å halda fram med dette arbeidet. Men då han er mykje oppteken med arbeidet på museet, har han høve til å ta med seg turvande arbeidshjelp. Som nærmaste hjelp har han fått tidlgare bibliotekar, frk. Margit Westbøe. Til arbeid i Oslo har han førebels fått arkivar Gunvald Bøe ved Riksarkivet.

Frk. Westbøe har til no sett opp register over tilfang som ein kan finna ved Statsarkivet i Stavanger og ved biblioteket i Haugesund m. v. Arkivar Bøe har med tilhjelp av cand. oecon Eli Nannestad og rektor J. D. Ferkingstad sett opp register over det tilfang som høver for vårt arbeid, ved Riksarkivet, over lensrekneskap, manntal, folketeljingar, matriklar, jordebøker, futerekneskap, kyrkjerekneskap, visitasmeldingar, overhoff-rettsdomar, skulesaker og uprenta diplom m. m. Tilfanget er gjenomgått og spesifisert for kvar kommune (så vidt mogeleg) i samarbeidskrinsen.

Ein er med dette komen så pass langt at samarbeidsnemnda kan stå til teneste for boknemndene i kommunane, og det står no til kvar kommune å avgjera kor stor kraft og fart det skal leggjast i arbeidet med bygdebøker.

Det er mi von at alle kommunane i samanslutnaden vil ta arbeidet med bygde- og/eller byboka alvorleg og yta turvande pengar til arbeidet gjenom kommunebudsjettet år om anna. Utan årlege løyingar vil det vera vanskeleg å halda arbeidet i gang så det monar noko. Det er mi von at det heile må verta lagt slik til rettes at bygdebøker om ikkje altfor lang framtid kan prentast i alle kommunane i Nord-Rogaland.

Det er vidare mi von at samarbeidsnemnda vil kunna stå til teneste i samsvar med føresetnaden og kunna yta den hjelp som er turvande.

BYGDE- OG BYBOKNEMNDER I KARMSUND

Avaldsnes bygdeboknemnd. Kjøpmann Peder Skeie, formann (etter prost Lars Skadberg som i 1956 flutte frå bygda), heradskasserar M. B. Oftedal, varaformann, lærar Johannes Kolnes, bladmann Birger Johannessen.

Akra bygdeboknemnd. Distriktsmontør O. Kristiansen, formann, lærar Ingolv Ytreland, lærar h.v. Hans Tvedt, lærar Peder Fagerland.

Bokn bygdeboknemnd. Stortingsmann E. Vatnaland, formann, bonde Osm. S. Våga, bonde Ole Laupland.

Skåre historienemnd. Lærar Holger Askeland, bankmann Reinard Huglen, bankmann Andreas Huglen.

Skudenes bygdeboknemnd. Dei heradstyrevalde medlemene var frå først av: Didrik Mjølhus, formann, fru Johanne Ferkingstad, David Slaattebrekk, sokneprest A. Telhaug, Ole G. Ferkingstad, Didrik J. Ferkingstad, L. Skjølingstad, Erik Sigvartsen Syre, Ole Johan Tjøsheim. og Samson Munthe. Nenmda er seinare supplert slik at det er valt medlemmer for kvar krins og har i 1956 denne samansettning: *Ferkingstad* — *Langåker krins*: Johanne Ferkingstad, Ragnhild Pedersdtr. Ferkingstad. *Sandve krins*: Magnus Sandve, Didrik Mjølhus, *Syre* — *Høynes krins*: Erik Sigvartsen, Theodor Fredriksen og Karl N. Høynes. *Vik og Hillesland krins*: O. G. Ferkingstad og Hans L. Hillesland. *Falnes krins*: Sokneprest A. Telhaug. *Hovdastad krins*: Ole J. Tjøsheim og Lars Olav Tunbø. *Snørteland krins*: Samson Munthe. Formann er lærar h. v. Didrik Mjølhus, Sandve.

Skjold bygdeboknemnd. Lærar S. Hove, formann, bonde Lars Bjoland, lensmann Martin Dybdahl, gartnar Elleiv Aursland, Ola Haraldseid, Henrik Kalstveit, Nils Breivik. Nemnda oppretta i 1949 etter opptak av S. Hove og er rekonstruert i 1956. Nemnda sette i 1949 opp denne arbeidsplan:

1. Samla midlar til bygdebok.
2. Kveikja, nøra og utvida interessa for bygdesoga i vidaste tyding.
3. Samla tilfang.

Nemnda har skipa årlege bygdestemner med gudsteneste og foredrag.

Lars Bjoland har samle kjeldetilfang av ymse slag. Tidlegare medlem av nemnda, E. Vestre har halde seg til ættegranskning og har godt oversyn for fleire ætter i Skjold. Berge Velde, Oslo, har overlete ei rekkje mapper med kjeldetilfang for gardssoga. Skjold heradstype har gjeve nemnda rådvelde over Ersland gamle skulehus med tanke på eit skolemuseum. Huset vert ståande på den gamle tufta og førebels nytta til bedehus.

S. H.

Stangaland bygdeboknemnd: Banksjef Andr. Hansen, formann, Erling Sunnanå, Jon Folkedal, Sven Iversen.

Torvastad bygdeboknemnd. Bonde Thomas Stange, formann, lektor Erling Reksten, sekretær, lærar Birger Kjetland, lensmann Ingjald Gjersvik, kyrkjesongar h.v. Nils Økland, kjøpmann Anton Sollesnes, fru Tine Steinstø.

Tysvær bygdeboknemnd. Bonde Knut C. Rønnevik, formann, bonde Sivert Odland, ordførar Aanen Susort, lærar Magnus Askeland, lærar Tor Eike, lensmann Ingjald Gjersvik og soknepresten.

Utsira bygdeboknemnd. Gardbrukar og forretningsførar Thoralf Kvalvik, formann, notbas H. Helgesen, handelsmann Svend Klovning.

Vats bygdeboknemnd. Lærar Fr. Eidhammer, formann, Olav Koltveit, L. O. Hustoft, Magnus Stokka, Olav Eide, Lars Strand og Johan Velde.

Haugesund byboknemnd. Overlærer Karl Sørensen, formann, lektor Steinar Fjeld, sekretær, skipsreder Erik Bakkevig.

Kopervik byboknemnd. Lensmannsfullmektig Olav Huglen, formann, Hans Svendsen, Sven Svendsen, Tønnes B. Svendsen.

Skudeneshavn byboknemnd. Or.sakførar Ove Gilje, formann, bokhandlar Hans Hillesland, fru Kristi Røijen, Simon Nes.